

## **Intensjonsavtale**

**- felles kamp mot skrantesjuka (CWD) på hjortevilt -**

mellom

Ulvik, Aurland, Lærdal, Hemsedal, Ål og Hol kommunar

Nordfjellarådet

og

staten ved

Landbruks- og matdepartementet og Klima og miljødepartementet

Det er påvist utbrot av skrantesjuka (CWD) på villrein i Nordfjella sone 1. Dette er det fyrste og til nå einaste funnet av sjukdommen i Europa. Det er eit mål å bekjempe sjukdommen i Norge. Dette er ein prosess som vil ta lang tid, og krev at alle aktørar spelar på lag.

Med dette som utgangspunkt har partane eit felles mål om å:

1. Behalde friske stammer av villrein og anna hjortevilt i Norge
2. Utrydde sjukdommen før han får fotfeste
3. Bygge opp att ei frisk villreinstamme i Nordfjella sone 1 raskast muleg i tråd med vedtekne planar

Arbeidet kan delast inn i ulike fasar i tråd med saneringsplanen av 15. juni og reetableringsplanen av 15. oktober 2017 og eventuelle seinare oppdateringar av desse. Etter sanering har no arbeidet gått inn i ein ny fase. Framover er smittesikring i brakkleggingsperioden og friskmelding av kjeldebestandar for ny oppbygging av villreinstamma i Nordfjella sone 1, i fokus. Nasjonal prøvetaking vert ført vidare.

Partane vil, i tråd med faglege anbefalingar og den til ei kvar tid gjeldande reetableringsplan, bidra til ei raskast mogeleg gjenoppbygging av ei frisk villreinstamme i Nordfjella.

Partane vil i løpet av 2018 forme eit heilskapleg program for det vidare arbeidet. Programmet skal oppsummere pågåande og planlagt arbeid. I programmet kan det ligge planar for mellom anna:

- forvaltning av areala i Nordfjella og tilhøyrande randsonder i bandleggingsperioden
- arbeid for å hindre spreiding av smitte
- kunnskapsbygging
- informasjon, kommunikasjon og erfaringsdeling
- haldningsskapande arbeid og formidling av kunnskap og kompetanse retta mot oppveksande generasjonar

Partane vil sette ned ei gruppe som skal lage utkast til mål, tiltak og ansvarsfordeling mv. i dette programmet.

Dei ulike aktørane (departement, direktorat, kommunar, vitskapelege institusjonar mv.) vil ha kvar sine roller, ansvar og myndigheit også i det vidare arbeidet. Kommunane skal bidra til utforminga av programmet, gje støtte til og gjennomføre lokale tiltak innafor sine ansvarsområde.

Innafor ramma av eit heilskapleg program, kan det etablerast samarbeidsgrupper på tema etter behov.

Partane er samde om å ha kontaktmøte mellom departementa og ordførarane to gonger i året. Dette for å gå gjennom samarbeidet og drøfte vidare arbeid. Relevante fagetatar mv. vil vere med på desse møta etter behov.

Oslo den 8. mai 2018

landbruks- og matminister

klima og miljøminister

Ulvik

Aurland

Lærdal

Hemsedal

Ål

Ordførar

Ordførar

Ordførar

Ordførar

Ordførar

Hol

Ordførar

Leiar Nordfjellarådet